



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 18/2552-5

Forvaltningsrevisjon - innkjøp - oppfølging av vedtak i FT-sak 2/18

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesrådmannen viser i notat vedlagt saka at alle tiltaka enten er ferdig utført eller er i ferd med å bli utført
2. Fylkesrådmannen viser også til gjennomført oppfølging av funna i tilleggssaka, FT-sak 12/18.
3. Kontrollutvalet vurderer med dette forvaltningsrevisjonen av innkjøp til å vere ferdig oppfølgt

Vedlegg:

- Notat m/vedlegg frå fylkesrådmannen datert 19. januar 2019 – FR Innkjøp, oppfølging av tiltak

Andre relevante dokument i saka:

- Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp
- Notat frå advokat Kvammen - tilleggssaka

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 18. oktober 2016 plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 i FT-sak 41/2016. «Innkjøp» er tredje prosjekt i planen.

Forvaltningsrevisjon av innkjøp vart bestilt etter handsaming i kontrollutvalet 7. februar i sak 4/17

Rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon vart levert 27. november. Den vart handsama i fylkestinget 17. april 2018 i FT-sak 2/18

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak:

1. *Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøp til etterretning*
2. *Fylkestinget ser alvorleg på dei avvika som kjem fram i forvaltningsrevisjonen. Fylkestinget meiner og at fylkesrådmannen ikkje har orientert politisk nivå om kapasitets- og ressurssituasjonen i innkjøpstenesta på ein tilstrekkeleg måte.*
3. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp tiltaka i rapporten slik:*
 - a. *oppdatere strategi og rutinar, slik at desse vert i samsvar med nytt regelverk*
 - b. *syte for at rutinar og retningslinjer er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar*

- c. sikre tydelegare krav til kompetanse og tilby føremålstenleg opplæring av bestillarar i fylkeskommunen
 - d. gjennomgå område med høg omsetnad for å sikre at ein har rammeavtalar der det er behov
 - e. innføre meir treffsikre rutinar for å avdekke brot på regelverk og innkjøp utanfor rammeavtalar
 - f. innarbeide nye krav i regelverket for sosial dumping i rutinane, og sikre at krav knytt til oppfølging av arbeidsvilkår og underleverandørar vert etterlevd
 - g. gjennomgå dei brota på regelverket som er avdekkja i denne revisjonsrapporten og gjere naudsynte tiltak som sikrar at det ikkje vert kjøpt inn ulovleg frå desse leverandørane
 - h. oppdatere strategi og rutinar i samsvar med organiseringa av ny region
 - i. sikre tydelegare krav til bestillarrolla i den nye regionen
4. Tiltaka a - g bør gjennomførast i løpet av 2018. Tiltaka h og i vert å gjennomføre i samband med organiseringa av ny region. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å løfte desse to siste punkta inn i det førebuande arbeid som pågår i høve etablering av den nye fylkeskommunen.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen melde tilbake til kontrollutvalet om status på oppfølginga innan 31. desember 2018

I tillegg til denne saka gjennomførde kontrollutvalet ei vurdering av tre innkjøp i ei tilleggssak våren 2018. Vurderingane vart gjort av advokat Kvammen.

Sekretariatet gjorde desse vurderingane i saksframlegget i FT-sak 12/18, etter gjennomgang av rapport frå advokat Kvammen:

1. *Ei juridisk vurdering av om reinhaldstenestene ved Sogn Jord- og hagebruksskule er ei ulovleg direkteanskaffing*
 - at fylkeskommunen ikkje på tilstrekkeleg måte har førehandsvurdert den aktuelle anskaffinga sin verdi
 - at anskaffingsregelverket i dette tilfelle er brote og at innkjøpa av tenestene til reinhald ved Sogn Jord- og hagebruksskule vil vere å sjå på som ei ulovleg direkte anskaffing
2. *Ei juridisk vurdering av om avlysinga av konkuransen om varmesentralar var ihht anskaffingsreglane, og om det strengt tatt var naudsynt å avlyse konkuransen*
 - Det var naudsynt å avlyse konkuransen då kvalifikasjonskrava var utforma slik at konkuransen vart hindra, jfr. det grunnleggjande prinsippet om konkurranse i LOA § 4.
 - Ved ei anna utforming av konkurransegrunnlaget kunne fylkeskommunen ha unngått at avlysing vart nødvendig. Avlysinga medførte difor risiko for å bli påført ansvar.
3. *Ein rapport med skildring av kjøp av helsevikartenester på vegne av 12 kommunar i Sogn og Fjordane, og ei vurdering av om fylkeskommunen i tilstrekkeleg grad har sikra seg mot sosial dumping og useriøse aktørar.*
 - Etter mi vurdering har fylkeskommunen i tilstrekkeleg grad lagt til rette for at regelverket mot sosial dumping kan handhevast gjennom dei aktuelle avtalane som er inngått når det gjeld kjøp av helsevikartenester.
 - Det må vurderast som ein mangel at konkurransegrunnlaget ikkje stiller krav til opplysningar som kan nyttast til å vurdere korleis dei aktuelle tilbydarane i praksis har fungert hjå andre oppdragsgjevarar i marknaden for slike tenester.

Slik sekretariatet ser det vil det vera føremålstenleg at desse funna går inn som ein del av oppfølginga som skal skje etter forvaltningsrevisjonsrapport av innkjøp, jf. sak 2/18 i fylkestinget 17.04.2018.

Denne saka vart handsama i fylkestinget 12. juni i FT-sak 12/18, og fylkestinget gjorde slike vedtak etter tilråding frå kontrollutvalet:

1. *Fylkestinget tar informasjonen til orientering.*
2. *Fylkestinget ber om at funna vert ein del av oppfølginga som skal skje etter forvaltningsrevisjonsrapport av innkjøp.*

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok 11. januar 2019 notat frå fylkesrådmannen med oppfølging av vedtaket i FT-sak 2/18. Notatet ligg vedlagt saka med eit vedlegg 1 – oppfølging av forvaltningsrevisjon innkjøp 2017. Seinare har kontrollsjefen motteke ytterlegare informasjon frå innkjøpssjefen vedr. oppfølging av vedtak både i FT-sak 2/18 og 12/18, og denne informasjonen ligg som vedlegg 2 – 7. Fylkesrådmannen v/innkjøpssjefen har gjennomført eit omfattande arbeid ved oppfølginga av dei to fylkestingsvedtaka.

Kontrollsjef har etter å ha gjennomgått mottatt informasjon og etter møte med innkjøpssjef Kathrine Røkke Wilson vurdert oppfølginga i forhold ti fylkestinget sine vedtak både i FT-sak 2/18 og 12/18.

Pkt. 3a)

Ny strategi er utarbeidd og vedteken av fylkestinget 19. oktober 2018. Strategien er vurdert i høve til nytt regelverk når det gjeld krav til miljø og krav til sosial dumping. Rutinar er oppdatert og ligg ved saka (vedlegg 2).

Pkt 3b)

Innkjøpshandboka er oppdatert med nyhende om reglar og rutinar på internett som er lenka frå intranettsidene. Maler på ESA er gjennomgått for å gjere dei enklare. Informasjon til alle tilsette om at informasjon om innkjøpsrutinar finnast på portalen. Innkjøpshandboka er erstatta med avtalekatalogen.

Pkt 3c)

Rollene til bestillar, innkjøpar og innkjøpskontakt er oppdatert i ansvarsbrev for 2019. Definisjon av krav til kompetanse er også med i brevet i tillegg til å vere lagt på intranettet (vedlegg 3 og 4). Opplæring av bestillarar og innkjøparar er i gang. Obligatoriske kurs for innkjøpskontakter.

Pkt. 3d)

Det er i gang arbeid med å utarbeide felles innkjøpsplan med Hordaland i arbeid med rammeavtalar. Det er også utarbeidd årshjul. (sjå vedlegg 5)

Pkt. 3e)

Dette ligg i årshjulet, som er nemnt i pkt. d). Våren 2018 vart det gjennomført stikkprøvekontroll i tråd med årshjulet.

Pkt. 3f)

Det er utarbeidd rutinar for maksimalt tal underleverandørar, både i avtalevilkår og avtaleoppfølging, rutinar for oppfølging av løns- og arbeidsvilkår og oppfølging av rutinar for avtalevilkår som har med sosial dumping å gjere. (vedlegg 6, 7 og 2).

Pkt 3g)

I nokre av sakene er det ikkje mogeleg å rette feilane som er gjort, men i følgje rapporten frå fylkesrådmannen er det teke lærdom av desse feila. Vedrørande kjøp nr. 3 vil eigarforma bli vurdert i samband med kjøp av ny båt. Feilen ved maskinkjøp (13) har ført til opprettning av ein feil i malen. Når det gjeld den kulturelle skulesekken arbeider departementet no med ei nasjonal ordning som skal sørge for at lova vert følgd i framtida. Protokollering i samband med innkjøp vert tema på samlingar og kurs.

Pkt. 3h) og i)

Desse punkta blir med i delprosjektet for innkjøp i arbeidet med regionsreform.

Tilleggssaker)

Helsevikarsaka blir teken til lærdom. I saka om reinhaldstenester er ny konkurranse gjennomført, og ny kontrakt signert. Saka om varmepumpe har ført til endring i malane slik at krav til lærling ikkje lenger vert eit kvalifikasjonskrav, men eit kontraktskrav med alternative tekster som kan nyttast i høve modenheit i marknaden eller type arbeid det er snakk om.

Kontrollsjefen vurderer dei fleste punkt som oppfølgde, og det som står att er i stor grad oppfølging som må bli gjort i samband med omorganiseringsarbeidet som føregår i samanslåinga av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen vurderer oppfølginga som administrasjonen har utført som tilstrekkeleg til å rå kontrollutvalet om å konkludere med at oppfølginga av vedtaka i FT-sak 2/18 og 12/18 er gjennomførde.